

Vår ref.:
20/01295-8

Vår dato:
24.09.20

Referat drøftingsmøte HTV (09.09.2020)

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	avdelingsleiar HR
Anette Undheim	Seniorrådgjevar HR
Knut Erik Kismul	Prosjektleiar nybygg Haugesund
Linn Melby Meyer	Rådgjevar/ referent

Arbeidstakar:

Reidun Stavland	Norsk
Kari Smørås Brakstad,	Parat
Kristin Lofthus Hope,	FF
Ingrid Arnesen Råheim Grønsdal,	UDF
Pål-Albert Olsen,	Akademikerne
Tone Skjerdal,	NSF

Karin Bell, Hovudverneombod

Sakliste:

Drøftingssaker:

- **Oppnemning og mandat for styringsgruppe og brukarutval for Nybygg ved Campus Haugesund.**

Knut Erik Kismul orienterte om prosjektet og viste til styresak 46/19 der høgskulestyret gav fullmakt til rektor for å be Statsbygg starte arbeidet med prosjektering og utlysing av anbod for nybygg/ombygging av campus Haugesund. Organisasjonsdirektør viste her til det nye vedlegget til tilpassingsavtalen knytt til medrårderett og medbestemming ved større byggeprosjekt i HVL.

Organisasjonane er samde om at ein må ta med seg dei erfaringane ein fekk frå K2 inn i det nye prosjekter og viser samstundes til arbeidet ein no er i med slutføring ny tilpassingsavtale og korleis vi skal følgje opp dette i det nye prosjekt.

Organisasjonane stilte fleire spørsmål knytt til samansettinga og mandatet av brukarutvalet;

- Organisasjonane viser til at alle fakultet er representert i brukarutvalet, sjølv om FLKI ikkje har tilsette ved campus Haugesund. Kvifor er det slik?
- Arbeidsgjevar viser til at ein vil få ein anna synergi og tilnærming for brukarutvalet dersom alle fakultet er representert. Det er ønskjeleg å ha brei representasjon å få andre innfallsvinklar i utvalet.
- Organisasjonane stilte spørsmål om studentrepresentantane i utvalet, kvifor er det barre ein student som er lokalt forankra?

- Arbeidsgjevar viser til at det er riktig at det er ein student som har lokal forankring. Dette var gjort etter drøfting i SLG. Når det kjem til tal studentrepresentantar i brukarutvalet legg HVL seg på same linje som UH lova §4-4 «Studentane skal ha minst 20% av medlemmane i alle kollegiale organ som tildelast avgjerdsrett.» Tidlegare praksis har vore med ein student og ein vara med møterett.
- Oppfølging av lokal forankring i brukarutvalet, kvifor er ikkje dette spesifisert for fakulteta?
- Arbeidsgjevar viser til at ein ikkje har spesifisert kor fakultetsrepresentantane skal sitte, men at det er opp til fakulteta sjølv å sikre gode representantar inn i brukarutvalet. Arbeidsgjevar viser vidare til at det skal vere oppnemnd representant for tillitsvalde og vernetenesta, der arbeidsgjevar ikkje vil gi føringar på kven som skal utpeikast til brukarutvalet og dei HTV sjølv kan nemne opp den representanten dei sjølv meiner passar best til utvalet.
- HVO stiller spørsmål knytt til at det berre vert oppretta eitt brukarutval, og viser til at det ved K2 var oppretta fleire utval.
- Arbeidsgjevar viser til at ein no er i planleggingsfasen av prosjektet. Det må vere opp til utvalet sjølv å opprette undergrupper ved eit seinare høve om det er naudsynt.

Organisasjonane har også spørsmål til mandat og samansetting av styringsgruppa til prosjektet. Slik det ser ut no er ikkje HTV eller HVO inkludert, slik tilpassingsavtalen seier at dei skal vere.

HVO viser til godkjenningar som skal sendast til arbeidstilsynet ikkje kan underskrivast dersom ikkje vernetenesta er inkludert i styringsgruppe og brukarutval.

Arbeidsgjevar tek med seg innspelet for å sjå på organiseringa av styringsgruppe og kjem tilbake med informasjon til HTV.

- **Organiseringa av vernetenesta**

Avdelingsleiar HR og organisasjonsdirektør orienterte kort om saka som har blitt handsama etter bestilling frå AMU i sak 8/20 der det er vist til at det er behov for utgreiing av vernetenesta og sjå på moglegheiter for ny organisering av vernetenesta ved HVL.

Organisasjonane er positive til at arbeidsgjevar ønskjer å auka ressursen til tillitsvalde med eitt årsverk. Men viser til at prosessen ikkje har vore bra, dei stilte seg undrande på kvifor forslaget om ny organisering er utarbeidd av HR utan å inkludere vernetenesta i arbeidet.

Avdelingsleiar HR viser til at ein har hatt fått innspel og vurderingar frå verneomboda på dagens organisering, men har ikkje hatt ein formell møteplass utanfor dette.

Organisasjonane viser til at den nye organiseringa av vernetenesta ikkje tek omsyn til campusperspektivet, og at dette er uheldig i ein slik stor organisasjon med fleire ulikheiter på tvers av campus. Dei viser også til at vernetenesta i forslaget vil vere meir komplisert enn dagens situasjon der eitt verneombod kan ha tilsette på fleire campus.

Avdelingsleiar HR viser til at situasjonen i dag er at verneomboda ofte har fleire leiarar å ta omsyn til, noko som gjer det vanskeleg å følgje opp saker i linja. Ny organisering er tenkt å gjere det enklare for vernetenesta og for leiarane.

Organisasjonane viser til at nokre verneombod vil ha store institutt å ta omsyn til. Dei meiner at vernetenesta burde ha vore organisert på nivå 4.

Organisasjonane er ikkje einige i korleis val av verneombod skal gjennomførast. Dei viser til at det er organisasjonane som skal nemne opp verneombod og peike ut verneombod og at arbeidsgjevar først skal komme på banen dersom dei tillitsvalde ikkje kjem i mål.

Organisasjonane er ikkje samde i at funksjonsperioden for hovudverneombod har maksimum på 4 år. Dei viser til at det i ei slik stilling er

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.